



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 22. mai 2013

NVE – Konsesjonsavdelingen,
Postboks 5091 Majorstua,
Oslo 1.

Fråsegn knytt til småkraftpakken for Vanylven.

I høringsbrevet vert vi bedne om å uttale oss både om pakken, og om dei einskilde vassdraga. Vi vert og utfordra til å vektlegge dei tema som etter vårt syn er mangelfullt belyst i søknaden. Dette vil vi freiste, først gjennom nokre generelle punkt som legg føringar for dei tilrådingane vi kjem med for dei ulike søknadane.

1. Om pakkar.

Dette er ein ny måte å handsame konsesjonssøknader på, som stiller nye krav til fleire partar:

- Mens snø og is dekkjer det maste av landskapet skal grannar, politikarar, kommunale sakshandsamarar og høringspartar som oss gjere seg opp ei meining om konsesjonssøknadane. Pakken vart lagt ut på høyring 25. februar, og frå då og fram til høringsfristen er det ikkje lett å vurdere bekekløfter, fossesprøyt og landskapsbilete. Det gjer at vi i større grad enn før må sette lit til vurderingane i dei biologiske rapportane. Miljøfagleg Utredning sin rapport til OED i 2008 (Gaarder og Melby) peikar på at ikkje alle rapportane held mål. Med auka saksmengd og press på sakshandsamingstida for å rekke dei grøne sertifikatane, trur vi ikkje at kvaliteten har betra seg.
- Den kommunale sakshandsaminga kan lett bli summarisk når fleire saker skal handsamast av ein liten fagetat som har meir enn nok andre oppgåver på ein pressa tidsplan. Det vert då lett til at sakene leggst fram for politikarane utan ei grundig og problematiserande saksutgreiing. Vi håper dette ikkje gjeld for Vanylven kommune!
- Med dette som bakteppe ventar vi at NVE legg større vekt på "føre- var"- prinsippet enn då konsesjonssøknadane kom enkeltvis.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 91 81 25 42 – epost moreromsdal@naturvern.no – internett www.naturvern.no/mr

2. Om vurdering av samla belastning.

Det gode med pakkehandsaminga er at det i større grad vert mogleg å sjå dei i samanheng. Vi vil og legge vekt på å sjå dei i samanheng med andre naturinngrep, og med inngrep i tilstøytande område (Volda).

NVE – Rapport 2- 2010, ”Etterundersøkelser ved små kraftverk. Sumvirkninger på landskap”, har to klare konklusjonar som må gje føringar for Vanylven-pakken. Det viktigaste for landskapsbiletet er at dei eksponerte fossane vert skjerma for regulering. Den andre konklusjonen rapporten trakk var at vegbygging og andre tekniske installasjonar belasta landskapsbiletet vel så mykje som sjølve elvereguleringa.

3. Om biologisk mangfald.

I dei 5 tiltaksområda er der få funn av høgt graderte raudlisteartar (CR, EN), men fleire med lågare status (NT, VU) og artar som har sårbare bestandar sjølv om dei er ute av raudlista. Dette gjeld særleg fuktkrevjande artar i bekkekløfter og fossesprøytsoner, men og karplantar som er ømfintlege for endringar av mikroklima. Spettartar, strandsnipe (NT), oter og fossefall har robuste bestandar ved fleire av dei fem aktuelle elvane. Dessa artane er ikkje på raudlista, men kan lett hamne der om vi ikkje tek omsyn til at dei treng eit beredskaps- habitat ved naturlige variasjonar og utilsikta press på det området dei har i dag. Dette stiller krav til ”føre- var” tenking, og til å sjå samla belastning.

4. Om kunnskapsgrunnlaget.

Dei biologiske rapportane viser i fleire høve til tidlegare registreringar, til naturbasen og til dokumentasjon / litteratur som fins. ”Supplerande kartlegging av naturtypar i Vanylven kommune 2007” (Rapport 2008-01) har eit kapittel om kunnskapsstatusen. Der er konklusjonen at ”Kunnskapsgrunnlaget har vorte betre med denne rapporten, men langt frå godt nok.” Særleg peikar rapporten på manglande kunnskap knytt til floraen på olivingrunn.

Vassforskrifta legg nye, og strengare krav til dokumentasjon som må ligge til grunn for inngrep i eit vassdrag. Vi finn dei i §12, vedlegg V, ”Klassifisering og overvåking” og i miljøkvalitetsstandardane i vedlegg VIII.

I dei fleste søknader er det søkjaren sjølv og / eller andre som har økonomiske interesser av utbygginga som er gitt opp som kjelde til kunnskap om fiskebestand, fauna, friluftsliv, kulturtradisjonar og andre brukarinteresser knytt til vassdraget. I små bygdesamfunn har dei fleste relasjonar til kvarandre. Vi håper NVE ser utfordringa knytt til ”vennskap og kjennskap”, og utøver kjeldekritikk.

Ny dokumentasjon om opplevingsverdien ved vatn og vassdrag bør vege tungt ved konsesjonsvurderingane. Dette er gamal kunnskap, men no kan vi også vise til NVE rapporten i serien Miljøbasert vannføring 4- 2009 «Hvor viktig er vann og vassføring for

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 91 81 25 42 – epost moreromsdal@naturvern.no – internett www.naturvern.no/mr

friluftsliv?» Rapporten konkluderer med at vatn blir verdsatt veldig høgt som kjelde til naturoppleving og opplevingsaktiviteter. Og « egen kunnskap om at et vassdrag er utbygd påvirker opplevelsen negativt».

NVE Rapport nr. 2- 2010 peikar og på at fagkunnskap / utgreiingar og manglar når det gjeld friluftsliv, estetikk, landskapselement og kulturverdiar knytt til vassdraga. Til no har det vore konsesjonssøkjjar som beskriv konsekvensane. «Det bør likevel vurderast om NVE skal stille krav til bruk av fagkompetanse på området i søknadsfasen.» «I dag er de største utredningskravene for vannkraftverk knyttet til konsekvenser for biologisk mangfold, mens andre tema har lavere prioritet. I en konsesjonsbehandling og konsesjonspliktavurdering skal man imidlertid vurdere om inngrepet fører til ulemper for ”allmenne interesser”. I dette begrepet ligger det vesentlig flere tema. Myndighetene bør derfor vurdere om det ikke er fornuftig å stille strengere utredningskrav også til tema som landskap og friluftsliv, som lokalsamfunnet gjerne er mer opptatt av. Det vil også trolig bli en bedre og mer uhildet vurdering av konsekvensene på disse miljøtemaene om vurderingene ikke kan foretas av utbyggeren selv» (sitat).

Kunnskap og forskning på friluftsliv og naturoppleving finst, fagfolk finst, og vi ser fram til at kunnskapsgrunnlaget skal utvidast og forsterkast på dett feltet. I denne fråsegna dreg vi fram minner, kjensler, estetikk og tradisjonar knytt til vassdraga. Det meiner vi er like så relevant som mange av dei målbare størrelsane. Som Albert Einstein sa: “Det er ikkje alt som kan teljast som tel, og det er ikkje alt som tel som kan teljast.”

Når kunnskapsgrunnlaget på desse tema er svake for desse fem tiltaka, set det desto større krav til at NVE har sine « føre-var-briller» på.

5. Om referansane til Vassdirektivet.

Arbeidet med å nå Vassdirektivet sine miljømål innan 2021 er i startfasen, og alle elvar og anna overflatevatn er omfatta av vassforskrifta sine miljømål. Møre og Romsdal vassregion har hatt «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål» ute på høyring. I høyringsdokumentet vert vasskraftproduksjon trekt fram som ei av dei store utfordringane, og er årsak til dei fleste registreringane av vassførekomst i risikosonar i Søre Sunnmøre vassområde. «Kraftutbygging i Tussaområdet, Åmela, Ørsta, Sør-Brandal og Gjerdsвика m.v. gjev risiko».

«Jfr. Vassføreskrifta § 4 skal vassførekomstane ha minst god økologisk tilstand. Dei fleste vassførekomstane i Møre og Romsdal har godt vassmiljø, og i desse er det vesentleg at tilstanden blir oppretthalden. I vatn kor miljøtilstanden er dårlegare enn god må det settast inn tiltak i planperioden 2016 – 2020 for å betre tilstanden, ..» (sitat Vesentlege vassforvaltningsspørsmål, M.& R. vassregion 2012. kap.10.1).

I si høyringsfråsegn til ”Vesentlege vassforvaltningsspørsmål” heiter det i vedtaket frå formannskapet 04.12.2012; ”Kommunen meiner det er mange interesser knytt opp mot

regulerte vassdrag og ønskjer å bidra konstruktivt i arbeidet som NVE og fylkesmannen skal gjere for å utgreie tiltak i denne sektoren og då særleg ved revisjon av konsesjonsvilkår”.

For vassdrag i god eller svært god tilstand kan eit avslag om småkraftutbygging vere eit nødvendig førebyggjande tiltak for å nå miljømåla i 2021. (sjå Vesentlege vassforvaltningsspørsmål, kap.5.1 Standard miljømål). Vi vil argumentere for ei handsaming av Vanylven- pakken som trekk mot same mål som vassområdet sitt arbeid. Nye småkraftkonsesjonar må bli vurdert opp mot §12, ”Ny aktivitet, eller nye inngrep” i Vassforskrifta.

6. Om oppfølging av konsesjonsvilkår.

NVE Rapport 2- 2011, ”Etterundersøkelser ved små kraftverk” peiker på fleire uheldige sider ved småkraftutbygginga til no. Funna i denne rapporten må legge føringar for handsaminga av søknadane i Vanylvenpakken.

«Undersøkelsen viste at de fleste brøt forutsetningene om minstevassføringsutslipp». ...»
«Verken NVE eller kommunene fulgte opp kraftverkene etter at de var bygd. Prosjektet viser derfor at det er et stort forbedringspotensiale for saksbehandling og oppfølging av slike kraftverk, og prosjektet foreslår enkelte tiltak som kan vurderes».

Før ei ny omfattande utbyggingsrunde spør vi: Er vi trygge for at eventuelle nye konsesjonar vert betre etterlevde enn det som går fram av NVErapporten,- mellom anna med eksempel frå Austefjorden? Her vert det mellom anna peikt på

- Vegbygging som vart unødvendig eksponert.
- Overdimensjonert kjøreareal rundt kraftverket.
- Manglande opprydding.
- Vegetasjonsdekke som ikkje var sett i stand i tråd med vilkåra.
- «Konsesjonssøknaden gir ikke et representativt bilde av landskapsvirkningene slik de ble etter utbyggingen.»
- «For lavt presisjonsnivå i beskrivelsen av forventede landskapsvirkninger.»
- «Istandsetting av rørtraseen var ikke utført i tråd med beskrivelsen i detaljplanen».

7. Tekniske alternativ.

Vi har sett Coanda- inntak i drift. Det vert sagt at desse inntaka tek betre vare på småfisk, biologisk botns substrat, larvar og smådyr i elva etter regulering. Dei vil i større grad følgje elva nedstraums enn ved tradisjonelle inntak. Nokre er i drift i Norge, men i andre europeiske land er dei vanlegare. Dei skal og gje lågare demningar og mindre behov for tilførselsvegar. Dette er ikkje vårt fagfelt, men vi veit at det vert forska på effekten av coanda- teknologien ved universitetet i Bergen. Skal det byggast fleire småkraftverk, må dei beste tekniske løysingane nyttast.

Desse sju fokusområda er bakteppe og grunngeving for vurderingane våre av konsesjonssøknadane i Vanylvenpakken.

Tenneelva kraftverk.

Inste botnen av Nordalen er eit særmerkt landskap. Det pregast av dei tre markerte elvane som omkransar dalbotnen og av eit kulturlandskap med mange verdifulle spor. Tussa har alt fått konsesjon for å regulere Buelva.

Sandfjellelva er mest variabel i vassføring av dei tre, ho har ingen oppsamlingsreservoar i fjellet, og kan ligge nesten vasslaus i tørre somrar.

Tenneelva er truleg den mest stabile for at dalen og fjellpartia rundt skal halde på særpreget sitt. Verdien og særpreget til desse tre elvane kan ikkje skildrast betre enn Arnold Nordal har gjort i boka "Jofolket" (1989); "Alt som smågut hadde eg ei sterk kjensle av at desse tre elvane: ikkje berre var ulike i det ytre, men at der var noko *personleg* ved kvar av dei, slik at dei hadde sitt eige "sinnelag" og sitt eige "temperament". Tenneelva var den kokette, fine dama som i rein og skjær livsglede viste fram sine kvite, fine slør utan å gjere nokon til meins. ..I kvite fossar og smale stryk kasta ho seg ut for dei svarte hamrane og sveda, til ho vida seg ut lengst nede i bratthenget og laga den breie, frådande Kjellefossen. Deretter delte ho seg opp og vart ei stund borte mellom Nårtongå og Lemane." Så skildrar han Buelva som "flegmatikaren i dette elvetriumviratet" og Sandfjellelva som "kolerikaren som øste seg opp og fekk fart som ei anna skólelv, berre etter nokre regnskurar .."

Å legge den fine dama i rør vil være eit overgrep.

Nordal var professor i farmakognosi og plantekjemi. I "Jofolket" finst og ei planteliste som stadfestar det rike artsmangfaldet i Nordalen, og ikkje minst dei nære bindingane mellom natur og kultur i Nordalen.

Å legge ei røyrgate i dagen i ei så eksponert strekning er ikkje akseptabelt. Heller ikkje framføring av veg i det bratte og delvis opne fjellterrenget.

Både røyrkata, vegen og inntakskonstruksjonen vil vise godt i landskapet sett frå fjellområda vest og sør for Nordalen.

Plasseringa av stasjonen, med tilførselsveg, vil gripe forstyrrande inn i kulturlandskapet med beitemarkar og steingardar.

På turkart Vanylven er to turruter merka forbi inntaket til det omsøkte kraftverket, noko som aktualiserer tapet av INON- området som reguleringa grip inn i.

Tapet av reint målbare biologiske kvalitetar er ikkje det som veg tyngst i vår vurdering av denne søknaden. Fossen og landskapet veg tyngre. J.fr NVE rapport 2- 2010 om vegbygging og visuelle fossefall.

Vi vil rå frå at Tennelva kraftverk får konsesjon.

Sørdalselva kraftverk.

Både inntaksområdet, røyrkata og kraftverksområdet ligg nært andre menneskepåførte inngrep. Likevel har området preg av intakte økosystem. Myra, elvegjelet og den anadrome elvestrekninga inst i Saurdalen heng saman, og opplevingsverdien av landskapet vert forringa av det planlagde tiltaket.

Det mest synlege vil bli ved inntaket. Her er det eit ope landskap, prega av eldre kulturminne, myra, elva og skisenteret. Om Sørdalselva kraftverk får konsesjon, vil vi krevje at inntaket vert flytta til om lag kote 250, på grunn av desse omsyna:

1. Myrområdet har store biologiske kvalitetar som ein må halde seg i respektfull avstand til. Veg mot inntaket og bygging av inntaksinstallasjonar kan drenere myra.
2. For brukarane av skisenteret, og for dei som har parkeringsplassen som utgangspunkt for friluftsliv i fjellområdet er elvelandskapet i øvste del av Sørdalselva ein særmerkt idyll, med den gamle steinbrua og fine stryk i kontrast til slik ho renn innover myra. Dette området må bevarast som rekreasjonsområde. At auren “vurderes å ha liten verdi, da det er ørret som lever i elva hele livet” (sitat søknaden 3.2) er vi usamde i. Opplevingsverdien av fritidsfiske er ikkje proporsjonal med oppfiska kg.!
3. Spora etter den gamle vegen bør ikkje øydeleggast ved nok ein veg og røyrgate. Dei gamle steinmurane må takast omsyn til som eit kulturminne.

Vi er usikre på kva konsekvensar tiltaket vil få for gyteområdet til anadrom fisk. Det er påvist laks heilt fram til der kraftverket er planlagt. Då er vi i eit sårbart landskap med omsyn til endring av botnsubstrat, temperatur, køyringsmønster og avsig frå stasjonsområdet. Ein bør vurdere om kraftverket bør flyttast om lag 20 høgdemeter opp, på høgd med, men aust for det planlagde riggområdet, og med vasslepp høgde opp i elva enn det som er tenkt i søknaden.



Desse merknadane må det takast omsyn til om Sjørdalselva kraftvert skal få konsesjon.

Helgås kraftverk.

Ved vurdering av konsesjonssøknaden til Helgås kraftverk må vi sjå Ripsdalsvassdraget i ein samanheng, og også sjå på totalbelastninga av inngrep i landskapsrommet Ripsdalen. Når den økologiske kvaliteten i vassdraget er definert som *dårleg* i Vannportalen (sitat frå søknaden 2.6 s24) betyr det ikkje, som søkjar skriv, at “det er ikkje angitt miljømål fram til 2033”. Når eit vassdrag er definert som *dårleg* betyr det at det skal utarbeidast ei tiltaksanalyse for om mogeleg å bringe vassdraget opp i *god* eller *moderat* standard.

Vi kjenner ikkje til at ei slik tiltaksanalyse er på plass, og vi kan ikkje tru at ei regulering av Helgås trekk dette arbeidet i riktig retning.

Vi ser at dei største miljøutfordringane er knytt til flaumproblematikk i dalbotnen, men sumverknadane av ulike inngrep, både visuelt og hydrologisk må vurderast.

Vårt primære standpunkt vert difor at konsesjonssøknaden leggst på vent til ei samla tiltaksanalyse for heile Ripsdalsvassdraget er på plass.

Vårt sekundære standpunkt er at veglina over tregrensa ikkje kan akseptast om konsesjon vert gjeven. Her er skrinns grunn i ope snaufjell, og ei vegskjering vil bli dominerande i terrenget og gro seint att. 1500 m ny veg vil virke sterkt negativt inn på landskapet og svekke opplevingsverdien for

dei som brukar stien frå hyttegrenda ved Ripsdalsvatnet mot Blæjevassbu, Blæjevatnet, Blæja, eller for overgang mot Dansen / Dalsfjorden. Tradisjonelt friluftsliv er ikkje lagt nok vekt på i søknadens kap. 3.14, sitat: “Friluftslivet i nedbørsfeltet til Helgåa er i stor grad knyttet til tradisjonelle aktiviteter som fiske, jakt og sanking av bær og sopp, ..” Det er nok langt fleir som går på tur *for å gå*, og for å få opplevingar i ein inngrepsfri natur, enn dei som har fisk, jakt eller sopp som motivasjon. J.fr. NVE- rapport 4- 2009 og vårt p.4 over.



Søknadens kap. 3.14 “Brukerinteresser” er i det heile eit godt døme på korleis eit viktig tema vert tendensiøst og mangelfullt utgreidd. På vel to linjer!

At den nye kommuneplanens arealdel foreslår eit “friområde langs elva mot sør” (sit. Søknaden kap. 2.6) peiker mot at her er friluftslivsinteresser som må takast på alvor.

Vegen og inntaksområdet vil ligge i nedslagsfeltet for drikkevassuttaket. Sjølv om Syvde Vassverk vil bruke inntaksdammen som ny vasskjelde, går det ikkje fram av søknaden at det ligg føre vedtak som opnar for eit tiltak som dette i vassverket sin regi.

Søknaden er også lite presis om korleis røyrgata vil sjå ut.

Tapet av INON- område er også ein kritisk faktor i eit område som grensar opp til Åmelaområdet.

Om inntak skal byggast på kote 600, må det nyttast helikopter i staden for veg.

Brandefjellet kraftverk.

Det er rundt søknaden til Brandefjellet kraftverk vi har registrert mest lokal skepsis og motstand. Dette kan vi nok ikkje dokumentere, men inntrykket skriv seg frå nordalingar som har kontakta oss, og meir tilfeldige samtalar med folk i bygda. I eit bygdelag der dei fleste har band til kvarandre, og 22 pluss potensielle arvingar har økonomiske interesser i tiltaket, er det forståeleg at det er vanskeleg å få verbalisert og dokumentert motstanden.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 91 81 25 42 – epost moreromsdal@naturvern.no – internett www.naturvern.no/mr

Dette må konsesjonsmyndighetene være sensitive overfor.

Dei tre sterkt eksponerte fossefalla er det mest dominerande og identitetsskapande landskapselementet for denne delen av Nordalen. Dei er også svært markerte sett frå fjorden, frå Syvde og frå sørsida av Syvdsfjorden. Dette går godt fram av vedlegg 3 frå AMBIO Miljørådgivning AS.

Vi forventar at NVE trekk lærdom av sin eigen Rapport 2- 2010 “Etterundersøkelser ved småkraftverk. Sumvirkningar på landskap ...” (J.fr vårt p 4 over). Begge hovudkonklusjonane i denne rapporten gjer at vi er skeptiske til at dette store, og teknisk samansette tiltaket, kan gjennomførast på ein god måte.

Når sumverknadane på landskapet skal vurderast ser vi at nedslagsfeltet for Brandefjellet grensar opp til Dravlaus kraftverk (på høyring) og Tenneelva kraftverk (på høyring). Utbygginga i Åmela har også satt sine avtrykk i fjellområda rundt Nordalen. Det er dei to fossane i Årdalselva og den lange fossestrengen til Bruelva som veg tyngst for landkapsbiletet. Kvitla er meir anonym. I rekneskapen av samla belastning vil tapet av INON- areal vege tungt. Det er ikkje mange km frå Syvdsfjorden til Dalsfjorden, og dei inngrepsfrie områda er under press frå begge sider. Eit målbart tap på 3,7 kv km er mykje i eit fjordlandskap som frå før er pressa.

Eksisterande veg opp langs Kvitla vart truleg heimla som skogsveg, men den tener og som transportetappe for dei som brukar fjellområda austover til friluftsliv og hytteliv. Utan å kjenne historikken i detalj, reknar vi med at det er ein grunn til at vegen ikkje vart trekt lenger enn den er no. Ein “midlertidig anleggsveg” opp til den opne kanalen på kote 540, maskinvegen langs kanalen og sjølve kanalen vil ligge som opne sår i landskapet og haldast opne av tilsynsbehova kanalen vil få. Vegen og kanalen vil kutte fleire mykje brukte turstiar. Det er planlagt bruer som avbøtande tiltak, men dette vil uansett vere sterkt negativt både for dyr og menneske som brukar området i dag.

Fleire av stiane kjem tett inn på fossestryka og dei fasinerande juva. Til dømes stien opp mot Årdalen og Brandefjellet. Minstevassføring vil gje eit stusseleg akkompagnement til turen samanlikna med det Årdalselva og Bruelva har spilt opp til no!

Nokre merknader til søknaden sitt kap. 1.5. Det er lett å omformulere den negative skildringa av landskapskvalitetane i Nordalen ved å seie det same med positivt forteikn; «Nordalen har enno dei gode visuelle kvalitetane som er vanlege i denne delen av landet».

Så nemnast eit omsøkt kraftverkprosjekt i Saurdalen som ligg 7,1 km unna, mens Tenneelva kraftverk som ligg om lag 2 km unna ikkje er nemnt. Dravlaus kraftverk er heller ikkje nemnt. Det ligg og nærare enn Saurdalen. Om dette er “pirk” frå oss eller medvete frå søkjar veit vi ikkje. For oss er desse perspektiva viktige som grunnlag for vurdering av samla belastning.

Både bekkekløfter og fossesprøytoner er i seg sjølv verdifulle naturtypar som er under utbyggingspress i landsdelen vår. Gjela er vanskeleg tilgjengelege, og difor berre flekkvis kartlagt. «Da store deler av elva er utilgjengelige, og derfor ikkje mulig å undersøke, kan det ikke utelukkes at elva huser rødlistede eller andre skjeldne arter». (sit. AMBIO 5.4.2)

Vi trur at funnet av evjebekkemose kan indikere at her er fleire mose og lavartar som ikkje er kartlagde. Vi legg og merke til usikkerheita om dei avbøtande tiltaka som er foreslått vil vere nok for at mosearten klarar seg.

Brandefjelet kraftverk er truleg det som gjev størst negative konsekvensar for biologisk mangfald

av dei fem i Vanylven- pakken. Det grip mest inn i inngrepsfri natur, og vil ta frå Nordalen ein av dei beste visuelle kvalitetane.

Vi går sterkt imot at Brandefjelet kraftverk får konsesjon.

Kasseelva kraftverk.

Naturen i Almklovdalen er sterkt prega av jordbruk, i nedre delar også eit stort olivinbrot. Vassdragsnaturen i området er under større press enn det som går fram av kap. 1.5 i søknaden. Både Høgelida kraftverk (Vågsøy kommune) og tre frå Vanylven- pakken manglar i tabell 1.3. Dette er viktig for å vurdere den samla belastninga tiltaket kan få i området.

Området sør for Kassen er eit av dei største inngrepsfrie landskapa i området. Merka turstiar går ut frå Kassen, Duestøylen og Almklovsetra. Flora og fauna knytt til vassdrag og gammal lauvskog er viktige element for opplevingsverdien av landskapet.

Derfor er det svært positivt at eit alternativ B er utgreidd og omsøkt.

I omsøkt alternativ A ser vi det er problem knytt til:

- Bortfallet av INON- areal.
- Den game lauvskogen sitt potensiale for mellom anna hakkespetthabitat.
- Flatsaltlav- lokaliteten.
- Den eksponerte fossen.
- Kunnskapsmangel knytt til samanhengen mellom olivingrunn og biologisk mangfald.
- Fossefall.
- Lokaliteten av fuktkrevjande lav og moseartar.
- Vegtraseane oppover i lauvskogen mot inntak nord.

Vi vil rå frå ei utbygging etter alternativ A, men har ikkje merknader til ein konsesjon etter alternativ B. – Sjølv om ei betongdemning på 34 x 4 m ikkje blir eit vakkert innslag i naturbiletet.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Knut Festø
Sakshandsamar